

# **Innspel frå Byrte Grendelag etter synfaring i samband med vilkårsrevisjon i Tokke/Vinje vassdraget.**

## **Litt om Byrte gren delag**

Byrte Grendelag er eit lag som jobbar for aktivitet og trivsel i bygda. Me er om lag 150 medlemmar, der 85 er fastbuande. Byrte er ei bygd med godt samhald og sterk dugnadsånd.

## **Innspel**

Byrte gren delag i samarbeid med Statkraft har bygd opp ein flott bade plass. Denne vert hyppig bruka av gren delaget og andre når tilhøva gjer det mulig. Men bade plassen vert ikkje bruka så ofte ein skulle ynske. Ikkje før ein nærmar seg 1 juli er det vatn opp til strandsanden og store delar av juli og august er mesteparten av bade plassen under vatn, noko som gjer bruk lite attraktivt. Sjå bilde.



*Figur 1 Bade plass under vatn*

Det er 3 båt utsett i Byrtevatn, der den eine går heilt ned til LRV. Problemet er at mange av båtane i Byrte er øydelagde på grunn av manglande plassar å fortøye båtane slik at dei ikkje tar skade av oppfylling og nedtapping av vatnet. Strandkanten i Byrtevatn består stort sett av sand og stein som sliter hull i båtskråget dersom byrtevatn stig raskt, eller båtane blir liggande på land og vanskelig å få ut igjen ved nedtapping. Byrtevatn er rik på fisk og fisken bit lett på. Når byrtevatn er på sitt høgaste blir fisking frå land også vanskeleg, utan ein strandkant langs land står man ofte inne i skogen å prøvar å kaste. Byrtevatn har tidligare blitt rydda for flytande stubbar, men i nord-enden av vatnet ligg det fortsatt ein del stubbar igjen som gjer fisking vanskeleg.

Byrte gren delag meiner at Byrte er den bygda som har dei største ulempene i Tokke/Vinje vassdraget. Ingen anna bygd kor det er fastbuande har ein så stor reguleringshøgde (18m) i Tokke/Vinje vassdraget. Vinterstid er ikkje dette eit problem, det fyrst når snoen forsvinn og ørkenlandskapet kjem fram at ein ser og merkar dei store ulempene reguleringa har for Byrte. Heile mai og store delar av juni er byrtevatn lite brukt på grunn av

oppfylling av byrtevatn. Å sette ut båten i denne perioden krev eit konstant tilsyn med båten for at den ikkje skal bli øydelagd. Også gjennom juli og august skjer det rask nedtapping av vatnet som legger båtane igjen på land, deretter blir vatnet fylt opp og båtane ligg å skaper på stein. Byrte gren delag ynskjer difor at byrtevatn skal vere «fullt» tidligare, helst før 1 juni og haldast «fullt» ut august. Samt at vatnet haldast på ein høgde gjennom sumarmånadene som gjer at bruk av badeplassen, båtar og fiskeplassar ikkje vert øydelagd.

Byrte gren delag oppfordrer både NVE og Tokke kommune til å sette krav til Statkraft om at Byrtevatn må vere «fullt» før 1 juni og at det haldast ein meir stabil vatnstand gjennom sumarmånadene. Byrte gren delag har forståing for at nokon tiltak må gjerast i flomsituasjonar og lignande og at vatnstanden må regulerast i større grad i slike periodar, men då ynskjer me ein varsling.



Figur 2 Bilde er tatt 13.06.2015. Byrtevatn på veg opp. Store delar av sumaren med lite vatn

Med helsing

Tommy Vadder Hansen

Leiar, Byrte gren delag